



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Bømlo rådhus  
**Dato:** 11.04.2019  
**Tidspunkt:** 10:00 -12:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Lene Borgen Waage	Nestleiar	AP
Oddvar Pedersen	Medlem	KRF
Øyvind Schumann Larssen	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Martin Lønning	Medlem	PDK

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

Martin Lønning møtte ikkje.

**Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Geir E. Aga	Rådmann (sak PS12/19, PS 13/19 og PS 14/19)
Lina Hamre	Konsulent, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Sonja Hellen Sele  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 10/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 11/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 12/19	Orientering frå rådmannen - byggesøknad Brandasund- bakgrunn for avslag		2017/9
PS 13/19	Orientering frå rådmannen - vei til Gåsland gravplass		2017/9
PS 14/19	Orientering frå rådmannen - psykisk utviklingshemma i kommunen		2017/9
PS 15/19	Bestilling av nytt prosjekt etter plan for forvaltningsrevisjon		2015/68
PS 16/19	Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune		2015/76
PS 17/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/73
PS 18/19	Referatsaker		
RS 2/19	Melding om vedtak i KUV Fitjar kommune vedr. ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt om barnevernstenesta		2015/81
RS 3/19	Melding om vedtak i KUV Stord kommune vedr. ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt om barnevernstenesta		2015/81
RS 4/19	Innkalling til FKTs årsmøte 4. juni 2019 i Kristiansand		2019/13
RS 5/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
PS 19/19	Eventuelt		

### PS 10/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

##### Vedtak:

Forslag til innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### PS 11/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknadar til protokoll frå møte 07.02.2019

##### Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 07.02.2019 vart samrøystes vedteke.

## **PS 12/19 Orientering frå rådmannen - byggesøknad Brandasund-bakgrunn for avslag**

### **Forslag til vedtak**

Lagt fram utan forslag til vedtak

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen orienterte om klagesaka og årsaka til avslaget.

Viktige moment i saka og vurderinga var:

- likebehandlingsvurderinga
- fylkesmannen rår til å ikkje gje dispensasjon
- gjeldande kommuneplan og dessutan innfor 100-meters belte til sjø

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

## **PS 13/19 Orientering frå rådmannen - vei til Gåsland gravplass**

### **Forslag til vedtak**

Lagt fram utan forslag til vedtak

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen orienterte om saka til kontrollutvalet

Kontrollutvalet vart einige om at kommunen og rådmannen tar saka vidare med grunneigarane gjeldande avklaring av saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

## **PS 14/19 Orientering frå rådmannen - psykisk utviklingshemma i kommunen**

### **Forslag til vedtak**

Lagt fram utan forslag til vedtak

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019

### Handsaming i møtet:

Registreringa av personer med psykisk utviklingshemming skjer etter at lege har erklært at vedkommande er det. Tenestekontoret i kommunen gjer vedtak. Revisor kontrollerer og at vedtaket er gyldig, i tillegg til at revisor kontrollerer det rekneskapsmessige relatert til motteke tilskott frå staten.

Kommunen hadde i 2019 58 personar med psykisk utviklingshemming, talet i 2018 var 55 personar.

Kommunen har ikkje oversikt over kven som har verge i kommunen. Dette er det fylkesmannen som har.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

## PS 15/19 Bestilling av nytt prosjekt etter plan for forvaltningsrevisjon

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det blir utført.....innan.....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for levering av revisjonsrapport.
3. Forslag til prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.04.2019
4. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet i neste møte

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019

### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte aktuelle prosjekt for forvaltningsrevisjon, slik det kjem fram av plan for forvaltningsrevisjon.

Etter ein kort diskusjon vart utvalet einig om å bestilla prosjekt nr. 5 på den prioriterte lista, forvaltningsrevisjon av internkontroll. Kontrollutvalet ville og ha med eit tilleggsmoment til dette, vedtaksoppfølging.

Nytt prosjekt å bestilla er : Forvaltningsrevisjon av internkontroll og vedtaksoppfølging.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det blir utført forvaltningsrevisjon av internkontroll og vedtaksoppfølging
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for levering av revisjonsrapport.
3. Forslag til prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 30.04.2019
4. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet i neste møte

## **PS 16/19 Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte, men utvalet merkar seg og at arbeidsgjevarkontrollen er noko lågare enn minstekravet, sjølv om det er ein vesentlig betring frå tidlegare år.
2. Årsrapport frå kemneren i Bømlo kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert send kommunestyret til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte, men utvalet merkar seg og at arbeidsgjevarkontrollen er noko lågare enn minstekravet, sjølv om det er ein vesentlig betring frå tidlegare år.
2. Årsrapport frå kemneren i Bømlo kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert send kommunestyret til orientering.

## **PS 17/19 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Møteprotokollane gjeldande utval for areal og samferdsel vart ikkje gjennomgått, grunna at Martin Lønning ikkje var til stade.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 18/19 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

## **PS 19/19 Eventuelt**

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 11.04.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det vart ikkje handsama nokon saker under eventuelt.

### **Vedtak:**

Det er ikkje fatta vedtak i saka.